



Elleve Mand JEG LÆDSKE KAN...

Gamle ølbollar er queer. Seriøst.

AV: LARS KORFF LOFTHUS

Eg vaks opp i eit lita bygd på Vestlandet. På mange av gardane brygga ein øl til ulike høgtider, når nokon skulle gifte seg eller når nokon skulle begravast. Sjølve brygginga tok cirka eit døger. Etter omlag tre dagar med gjæring var ølet ferdig. Då skulle ølet *skakast opp*, altså tappast om på mindre kanner og flasker. Denne kvelden vart kalla *oppskåka*, og var ei samling der naboar og vener kom for å smake og vurdere resultatet. På oppskåka kokte ein opp mengder med vatn i grua for å kunne vaske kanner, tønner, auser og golv og halde det så reint som mogleg rundt ølet. Særleg om sommaren var det viktig å vere reinsleg i alle ledd av brygginga. Dersom ein ikkje passa på, kunne ølet bli surt både i gjæringa og i tida etter.

Den som var vertskap stod for arbeidet med å ause ølet over frå det store gjæringsfatet og over på mindre kanner. Han måtte ause sakte for å ikkje virvle opp botnfall. Ausa var ofte ein ølbolle med berre ein hank. Når ei kanne var full, vart ølbollen sendt rundt i eldhuset så folk fekk smake. Bollen vart sakte levert frå mann til mann, alle drakk av den same bollen. I det lunkne ølet flaut det rusk og restar av vørter (malt) og humle. Lokalet var fullt av damp frå koparkjelane i grua.

På eit tidspunkt fekk eg og dei andre gutane vere med på oppskåka. Eg hugsar ikkje kor gamal eg var. Kanskje me sprang litt til og frå. Og eg fekk smake på ølet. Eg la munnen mot den tunge ølbollen som grove hender varsamt gav meg. Det var vått og lunkent. Min munn mot brunt treverk der alle andre sin munnar hadde vore. Min munn mot historia, mot ein øbolle som var eldre enn dei eldste karane i eldhuset. Smake, lukte, kjenne og sende vidare til nye hender og munnar.

Ølbollen er eit drikkekar av tre, ofte med malt eller utskåren dekor som til dømes rosemaling. På Vestlandet har dei ofte bøygde handtak som nokon gonger ser ut som dyrehovud. Store norske leksikon fortel at bollane vart nytta til øldrikkning fram til slutten av 1800-talet. Ofte har bollane små tekstar (inskripsjonar) langs kanten. Desse blir kalla ølbollerim.

Eg fann ei bok som heiter *Ølbollerim* frå Nordfjord av Jon Tolaas (Vestlandsforlaget 1997). Her har forfattaren samla og kategorisert ølbollerimtekstar som er skrivne langs kanten på bollane. Den eldste trebollen skriv seg frå 1529, men det meste av materialet er frå tidsrommet mellom 1750 og 1900.

Eit kjenneteikn for denne typen dikt er at dei er skrivne i eg-form. Det er sjølve bollen som snakkar. Bollen blir personifisert og har ei sjel. Det står ting som: «Drik, venner kjære, mitt øl velunt skal være.» Tonen i dikta er ofte lett og humørfyllt.

01. ØLBOLLERIM #2

Lars Korff Lofthus, 2018



01. ØLBOLLE OG MANN
Lars Korff Lofthus, 2018.

02. FRÅ KYRKJENES
Lars Korff Lofthus, 2018.

03. ØLBOLLE MED HANK
Nasjonalmuseets samling.
Tidlig 1800-tall.
Foto: Nasjonalmuseet



Det som er interessant er at når teksten ikkje lenger lesast på kanten av bollen, men i ei bok, så endrast meininga og innhaldet. Eg-forma, som refererte til bollen, er no eit generelt eg.

Her er nokre døme:

*Drik til Bunden. Tal af Grunden
tak Eierne med Haand og Munden*

*En Bonde er min Eiermand,
som haver lædsket mangen Mand*

*Før stod jeg i den grønne Lund,
nu vandrer jeg for hver Mands Mund*

For meg blir desse tekstane nokså sensuelle og frekke. Sidan dei skal få plass på ein ølbolle er dei korte og direkte. Det er mykje *mun* og *menn*, *rus* og *takksemd*. Og språket er ofte riksmål, dansk og forfina som gjer tekstane vulgære og *camp*, som når nokon seier noko frekt til deg på ein fancy måte. Eg ser for meg klynger av menn som drikk saman, les grove dikt for kvarandre og blir fullare og fullare. Eg tenker på oppskåka og ølbollen som sendast frå munn til munn i eldhuset.

*Elleve Mand jeg lædske kan
den tolvte faar ogsaa et lidet Grand*

Ølbollen som motiv dukkar opp i fleire av teikningane og maleria mine, ofte i homoerotiske situasjonar. Den symmetriske bollen med ei krumma hank på kvar side av skåla er ein favoritt. Denne forma er mest universell og summerer på ein måte opp alle dei andre formene.



01. ØLBOLLE
Tarjei Tarjeisson Berg (sannsynlig), 1799.
Nasjonalmuseets samling.
Foto: Nasjonalmuseet / Larsen, Frode

02. FEM MENN MED ØLBOLLAR
Lars Korff Lofthus, 2018.

HEMMEH
HOLDE
HANKEN
EOTOR

I maleriet forsøker eg å skape scenario der det skei-ve er til stades på ein eller annan måte. Eg er og oppteken av det som er *queer* og annleis, slik som eg kjenner meg. Biletmateriale kan kome frå homoporno, gamle bøker, landskapsfoto eller museumsarkiv. Dei røsele mennene som held ølbollane er ikkje nødvendigvis på fest. Dei presenterer seg for oss med gjenstandar. Dei seier: Me er modeller i eit tablå, og dette er rekvisittane våre. Me er nakne og me er ikkje sikre på kva det betyr. Men alt kan skje. Og det kunne det alltid – historisk sett.


*Du faar mig drikke tom
naar jeg er fuld jeg læge dig i Rus*

Atelieret mitt ligg ved ein fjord i Hardanger, og utanfor vindauget ser eg eit landskap som er knytt til folkekultur og nasjonalromantisk maleri. På andre sida av fjorden ligg Hardanger folkemuseum som viser folkedrakter, historiske tekstilar og gamle ting av tre. Og eg kjenner meg både heime og framand. Eg vil drikke meg full i New York og henge med drag queens. Eg går ein tur i skogen.

Det må vere noko å hente i tekstane frå ølbollane. Gamle rim og ritual får ny mening i ein ny kontekst – fordi eg påstår det. Eg har ikkje for vane å bruke tekst eller skiving i motiva mine, slik til dømes Pettibon, Basquiat eller Melgaard gjer. Og eg liker at maleriet kan gjere ting som tekst ikkje kan. Men det hadde vore fint å få inn nokre ølbollerim her og der. Kanskje dei kan vere titlar.

(Mange hugsar Hardanger Bryggeri, med slagordet «ingenting er som ein duggfrisk harding». Fabrikken vart nedlagd i 2004 og utstyret vart seld til eit firma i Egypt. No leiger eg atelier i same bygning som Hardanger *Handbryggeri*.)

MAANDS MUMM



ØLBOLLERIM (GUL)
Lars Korff Lofthus, 2018

